



Prognose for tilgang og forbruk av norsk korn for sesongen 2020/2021

16. mars 2021

Marknadsreguleringa i kornsektoren har som formål å sikre omsetninga av norsk korn og skape balanse i kornmarknaden i Norge. Felleskjøpet Agri skal legge til rette for at alt norsk korn kan bli brukt best mogleg i samsvar med kvaliteten på kornet. Sentrale verkemiddel er tiltak mot periodiske overskott og råd til Landbruksdirektoratet om nødvendig supplering av importerte råvarer. Prognosar er grunnlaget for desse tiltaka og råda.

Tilgangsprognose for norsk korn

Felleskjøpet Agri sin prognose pr. mars for tilgang av norsk korn er basert på analyse av historisk tilgang mot leveransar så langt i inneverande sesong:

Tilgang norsk korn (tonn)

	Gjennomsnitt 2015-19	Tilgang 2019	Prognose 2020	Prognose ifht siste 5 år	Prognose ifht siste år
Matkveite	162 300	205 900	230 900	142 %	112 %
Fôrkveite	178 700	225 100	81 100	45 %	36 %
Kveite i alt	341 000	431 000	312 000	91 %	72 %
Matrug	17 300	13 200	7 700	45 %	58 %
Fôrrug/rugkveite	22 200	37 600	26 700	120 %	71 %
Rug i alt	39 500	50 800	34 400	87 %	68 %
Bygg	515 200	541 100	600 000	116 %	111 %
Havre	248 600	218 300	293 000	118 %	134 %
Korn totalt	1 144 300	1 241 200	1 239 400	108 %	100 %
Erter	3 900	4 200	3 900	100 %	93 %
Oljefrø, åkerbønner	11 000	15 700	15 000	136 %	96 %
Korn, erter, oljefrø	1 159 200	1 261 100	1 258 300	109 %	100 %
Matandel kveite	48 %	48 %	74 %		
Matandel rug/rugkveite	44 %	26 %	22 %		

(Kjelde historiske data: Landbruksdirektoratet)

Prognosen tilseier at tilgangen av korn og proteinvekstar er som prognosert i november. Tilgangen er om lag samla som i den førre sesongen, men med mindre kveite og meir bygg og havre. Tilgangen av

kveite er også mindre enn femårssnittet medan tilgangen totalt er over femårssnittet. Arealutviklinga mellom kveite og bygg/havre er vist i vedlegg sist i dokumentet.

Fordeling av tilgangen

Matkveiten er for denne sesongen prognosert fordelt på følgjande proteinklasser:

Fordeling av matkveiten (tonn)

	Tilgjengeleg ny og overlagra matkveite	Klasse-fordeling tilgang totalt	Forbruk	Regulering	Fordeling etter regulering
Klasse 1	100 000	40 %	50 000	(50 000)	31 %
Klasse 2	22 000	9 %	22 000	-	14 %
Klasse 3	60 000	24 %	60 000	-	38 %
Klasse 4	24 000	10 %	24 000	-	15 %
Klasse 5	41 000	17 %	4 000	(37 000)	3 %
I alt	247 000	100 %	160 000	(87 000)	100 %

Tabellen under gir oversikt over bruken av tilgjengeleg norsk korn til ulike formål:

Fordeling av norsk korn mellom matkorn og fôrkorn (tonn)

Kornbalanse (tonn)	Mat-kveite	Matrug	Fôr-kveite	Fôrrug	Bygg	Havre	Fôrkorn
Overlagra frå sesongen før	15 000	0	0	0	0	0	0
Prognosert ny tilgang	231 000	8 000	81 000	27 000	600 000	293 000	1 001 000
Matkorn til fôr/fôrkorn til mat			0		-3 000	-37 000	-40 000
-Omdisponert matkorn	-9 000		9 000				9 000
Tilgjengeleg	237 000	8 000	90 000	27 000	597 000	256 000	970 000
Innmeldt overskott 1. april	0	0	0	0	0	0	0
=Tilgjengeleg pr. mai	237 000	8 000	90 000	27 000	597 000	256 000	970 000
Ny omdisponering matkorn	-28 000	0	28 000	0			28 000
Forbruk	160 000	8 000	118 000	27 000	597 000	256 000	998 000
Overlagring matkveite kl 1	49 000	0	0	0	0	0	0

Det blir overskott av vårkveite klasse 1, som er føresett overlagra til neste sesong. Estimater er usikkert. Overskott av matkveite klasse 5 er føresett brukt til fôr i inneverande sesong. Delar av overskottet av klasse 5, knapt 9 000 tonn, er allereie fordelt for omdisponering til fôr i oktober.


Forbruksprognose

Koronapandemien har styrka forbruket av kornråvarer både til matmjøl og til kraftfôr.

Matkorn

Prognosen for forbruk av matkorn nedanfor er basert på forbruksstatistikk til og med januar 2020.

Figuren under viser utviklinga siste ti år og prognosen:



Prognosen for forbruk av matkorn nedanfor er basert på forbruksstatistikk til og med januar 2020. I prognosen er trendutviklinga i dei tre siste sesongane lagt til grunn:

Matkornforbruk pr kornsesong (tonn)					
Sesong	Kveite	Rug	Bygg	Havre	Sum
2015/2016	276 701	21 122	3 517	30 281	331 621
2016/2017	279 211	21 177	3 232	30 145	333 765
2017/2018	273 813	22 080	3 450	35 727	335 070
2018/2019	268 670	19 843	3 002	35 210	326 725
2019/2020	269 944	19 293	3 166	39 981	332 384
Prognose 20/21	270 000	20 000	3 000	40 000	333 000
Endring	0,0 %	3,7 %	-5,2 %	0,0 %	0,2 %

(Kjelde for historiske data: Landbruksdirektoratet)

Kraftfôr

Forbruksprognosane for fôrkorn baserer seg på registrert sal av kraftfôr til og med 4. kvartal i 2020. Vidare er og produksjons- og salsprognosar for husdyrprodukt brukt opp mot trend for forbruk av kraftfôr pr. kg husdyrprodukt. Prognosert omsetning er elles basert på tilsvarende vurderingar som i novemberprognosen.


Forventa omsetning frå og med 4. kvartal i fjor og til og med 3. kvartal i år er prognosert under:

Kraftfôromsetning per kornsesong (tonn)					
	Drøvtyggar	Svin	Fjørfe	Anna	Sum
4K15 - 3K16	1 012 834	498 346	436 699	19 094	1 966 973
4K16 - 3K17	1 004 677	491 545	458 736	16 823	1 971 781
4K17 - 3K18	1 053 443	487 750	444 983	16 753	2 002 929
4K18 - 3K19	1 095 611	462 859	470 179	16 882	2 045 531
4K19 - 3K20	1 031 984	463 398	478 428	14 638	1 988 448
Prognose 20-21	1 026 000	462 000	506 000	11 000	2 005 000
Endring	-0,6 %	-0,3 %	5,8 %	-24,9 %	0,8 %

(Kjelde for historiske data: Landbruksdirektoratet)


Behovet for karbohydratråvarer blir prognosert med utgangspunkt i prognosert omsetning av kraftfôr. Andel karbohydrat i kraftfôr har falle over lang tid først og fremst til fordel for proteinråvarer.

Bruken av proteinråvarer var ekstra høgt i 2016 og ga rom for mindre karbohydratråvarer. Kornsesongen 2018 ga norsk korn med høgt innhald av protein, samtidig som lite grovfôr påverka samansettinga av kraftfôret. Desse faktorane medverka til at importen av proteinråvarer gjekk ned i 2019. I 2020 er situasjonen meir normalisert:



Åkerbønner er frå 2020 skilt ut frå «Annet protein».

I prognosen er lagt til grunn 71 % karbohydrat i kraftfôret basert på oppdatert statistikk pr. 4. kvartal i år og normal utvikling frå eit kvartal til neste. Registrert utvikling og prognose er illustrert i figuren under:



Dette gir følgende behov for karbohydratråvarer til kraftfôr i norsk kraftfôrindustri:

Forbruk av karbohydratråvarer (tonn)		
Kraftfôrsal	2 005 000	
Andel karbohydratråvare	71,0 %	
Behov karbohydratråvarer		1 424 000
-Tilgang av kli frå norske matmjølmøller		54 000
Behov for karbohydratråvarer eksklusiv kli i kraftfôr		1 370 000

Import av råvarer for å supplere tilgangen av norsk korn

Import av matkorn og av karbohydratråvarer til kraftfôr blir fordelt av Landbruksdirektoratet gjennom auksjonar i august, november og mai. Denne prognosen er ikkje utgangspunkt for tilråding om importkvotar.

Importbehov matkorn

Grynhavre for foredling i Norge utgjør ein relativt liten del av samla tilgang av norskprodusert havre. Tilgangen av økologisk grynhavre er normalt ikkje tilstrekkeleg til å dekkje forbruket.

Ut frå prognosert totalt forbruk av matkorn og prognosert tilgang av norskprodusert matkorn, vil det vere trong for følgjande supplerande import av matkorn i sesongen:

Importbehov matkorn (tonn)					
	Kveite	Rug	Bygg	Havre	Sum
Forbruksprognose	270 000	20 000	3 000	40 000	333 000
Norsk matkorn	160 000	8 000	3 000	37 000	208 000
Underdekning matkorn	110 000	12 000	0	3 000	125 000

Importbehov for karbohydratråvarer til kraftfôr

Behov for supplering av importerte karbohydratråvarer

Supplerende import for å skaffe tilstrekkeleg karbohydratråvarer til kraftfôr blir gjort tilgjengeleg ved fordeling av kvoter for import med ein tollsats som likestiller norsk og importert vare. Basert på prognosert tilgang av norskprodusert fôrkorn og prognosert samla forbruk av karbohydratråvarer prognoserer vi importbehovet. Den føresette bruken av norsk korn følger av ei vurdering av kravet til minimumsimport i tabellen over og den faktiske tilgangen som er vist under avsnittet Fordeling av tilgangen side 2:

Suppleringsbehov karbohydratråvarer (tonn)	
Karbohydratråvarer eksklusiv kli i kraftfôr *)	1 373 000
Estimert rom for norsk fôrkorn i sesongen	1 050 000
Prognosert forbruk av norsk korn til fôr i sesongen	998 000
Bruk av norsk korn til fôr etter svinn **)	-988 000
Underdekning av karbohydratråvare totalt - importbehov	385 000

*) Importert karbo ikkje brukt i kraftfôr 3 000 tonn **) Svinn 1,0 %

VEDLEGG

Tilgang korn historisk og prognosert (tonn)

	Matkveite	Fôrkveite	Kveite i alt	Matrug	Fôrrug og rugkveite	Rug/rugkveite i alt
2004/05	336 060	55 818	391 878	33 192	5 811	39 003
2005/06	355 252	22 663	377 915	25 872	7 563	33 434
2006/07	219 365	120 726	340 091	19 940	4 690	24 630
2007/08	303 085	78 421	381 506	25 080	13 226	38 305
2008/09	128 406	305 198	433 604	20 016	26 657	46 673
2009/10	86 290	177 773	264 064	8 961	17 996	26 957
2010/11	184 820	127 429	312 249	16 182	17 585	33 767
2011/12	40 504	229 783	270 287	4 747	11 478	16 225
2012/13	174 164	84 459	258 623	2 853	2 025	4 878
2013/14	171 406	26 345	197 741	11 700	949	12 649
2014/15	218 538	152 437	370 976	31 266	6 764	38 030
2015/16	147 783	325 024	472 806	36 599	29 524	66 123
2016/17	224 867	65 522	290 389	13 457	9 529	22 987
2017/18	148 389	235 715	384 104	20 925	28 852	49 777
2018/19	84 394	42 232	126 626	2 438	5 319	7 757
2019/20	205 919	225 113	431 032	13 229	37 588	50 817
13. august	209 000	145 000	354 000	17 000	34 000	51 000
21. september	255 000	109 000	364 000	14 000	41 000	54 000
16. november	217 000	86 000	303 000	8 000	28 000	36 000
Prognose	231 000	81 000	312 000	8 000	27 000	34 000

Tilgang korn (tonn)

	Bygg	Havre	Sum korn	Erter	Oljefrø, åkerbønner, lupiner	Rugkveite ¹⁾
2004/05	599 521	353 222	1 383 624	2 476	12 237	642
2005/06	557 297	264 385	1 233 032	3 400	11 220	223
2006/07	508 919	233 840	1 107 480	5 934	9 519	49
2007/08	456 091	260 427	1 136 329	8 691	8 966	67
2008/09	528 749	310 348	1 319 374	6 590	9 722	353
2009/10	447 484	268 224	1 006 728	6 818	6 819	248
2010/11	512 424	287 128	1 145 568	6 445	10 165	466
2011/12	462 313	219 982	968 807	2 272	8 577	116
2012/13	541 984	219 864	1 025 348	1 869	11 315	184
2013/14	481 412	212 421	904 222	963	6 015	413
2014/15	499 483	270 309	1 178 797	2 087	9 648	1 262
2015/16	479 308	269 156	1 287 394	3 535	10 403	3 926
2016/17	601 722	339 272	1 254 370	5 070	11 450	3 861
2017/18	544 725	269 813	1 248 420	3 762	10 226	17 058
2018/19	409 082	146 671	690 137	2 729	7 238	4 704
2019/20	541 070	218 268	1 241 187	4 222	15 667	26 870
13. august	506 000	253 000	1 164 000	3 000	11 000	
21. september	526 000	268 000	1 212 000	3 000	11 000	
16. november	606 000	294 000	1 239 000	4 000	15 000	25 000
Prognose	600 000	293 000	1 239 000	4 000	15 000	24 000

Kjelde for historiske data: Landbruksdirektoratet

1) Bli rekna som fôrrug i statistikk og prognose

Areal

Data frå søknadar om produksjonstilskott er oppdatert pr februar og viser berre små endringar i forhold til det som har vore presentert tidlegare. Endringane i forhold til dei arealbaserte prognosane i august og september er større:

Arealfordeling 2015 - 2020 (dekar)							Endring frå 2019	Endring/ august
	2015	2016	2017	2018	2019	2020*		
Haustkveite	375 711	114 213	302 794	99 275	426 143	190 900	-235 200	-76 100
Vårkveite	480 096	552 434	453 771	485 939	375 570	484 600	109 000	19 600
Kveite	855 807	666 647	756 565	585 214	801 713	675 500	-126 200	-56 500
Rug, rugkveite	104 104	45 460	83 628	33 166	92 842	65 200	-27 600	-32 800
Bygg	1 225 484	1 367 167	1 341 631	1 471 834	1 298 685	1 390 200	91 500	117 200
Havre	629 935	758 377	672 555	694 421	547 400	664 900	117 500	27 900
Korn	2 815 330	2 837 651	2 854 379	2 784 635	2 740 640	2 795 800	55 200	55 800
Oljefrø, åkerbønner	43 407	53 101	39 302	54 723	49 605	56 000	6 400	6 000
Korn/oljvekstar	2 858 737	2 890 752	2 893 681	2 839 358	2 790 245	2 851 800	61 600	61 800

Kjelde for historiske data: Landbruksdirektoratet

I august vart areal haustkorn overvurdert med om lag 30 prosent. Bygg og oljvekstar vart undervurdert med om lag ti prosent.

Avlingsnivå pr dekar

Basert på prognosert tilgang og oppdaterte arealtal ser vi avlingsnivå pr dekar som vist i figuren:

